

Progresjon ved opplæring i bedrift

Dømet viser progresjon gjennom ein praksisperiode på ein sjukeheim for elevar frå Vg2 helsearbeidarfag. Det legg vekt på at eleven sin kompetanse vert utvikla i eit samspel mellom faglege og sosiale/emosjonelle sider ved læringa.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 24.08.2016

Gjennom opplæring og samarbeid med skulen og yrkesgrupper på arbeidsplassane skal elevane få erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer daglege gjeremål i yrket.

I dette dømet er det kompetansemål frå læreplan frå Vg3 helsearbeidarfaget som ligg til grunn.

Veke 1

Kompetansemål frå læreplan:

- følgje gjeldande regelverk for teieplikt og personvern i helse- og sosialsektoren
- følgje gjeldande regelverk for helse, miljø og sikkerheit

Mål frå lokal læreplan:

- verte kjend med spelereglar i arbeidslivet
- kjenne teieplikta og forstå konsekvensar av brot på den
- arbeide konkret med kompetansmål frå aktuell(e) læreplan(ar)

Praksisoppgåver:

- oppmøte, informasjon om praksisplassen
- møte rettleiar/kontaktperson, få telefonnummer til avdelinga
- gjennomgå vekeplan for praksis
- omvising i verksemda
- introduksjon på avdelinga, verte litt kjend
- helse på pasientane på avdelinga
- gjennomgå teieplikta
- delta i aktivitetar med pasientane

Veke 2

Kompetansemål frå læreplan:

- følgje gjeldande regelverk for helse, miljø og sikkerheit
- utføre arbeidet i samsvar med gjeldande regelverk, planar og rutinar på arbeidsplassen
- lage måltid som tek vare på helse og trivsel hos brukarane

Mål frå lokal læreplan:

- arbeide etter hygieniske retningslinjer og forstå konsekvensar ved brot på dei

Praksisoppgåver:

- vere saman med rettleiaren og gjennomgå hygieniske prinsipp og retningslinjer
- førebu frukost og middag
- hjelpe pasientar som treng tilpassa hjelp under måltidet

Veke 3

Kompetansemål frå læreplan:

- følgje ergonomiske prinsipp i yrkesutøvinga
- følgje gjeldande regelverk for helse, miljø og sikkerheit
- utføre arbeidet på en måte som vekkjer tillit, skaper truverde og positiv dialog med brukaren

Mål frå lokal læreplan:

- delta i enkle prosedyrar saman med aktuelle yrkesgrupper
- vere bevisst på faren for belastningslidingar og gjennomføre arbeidsoppgåver etter ergonomiske prinsipp
- nytte hjelpemiddel i den grad dette er nødvendig for å gjennomføre arbeidsoppgåva

- sjå òg veke 2

Praksisoppgåver:

- velje ein pasient og lese tiltaksplanen for denne pasienten
- setje seg inn i livsbakgrunn og interesser til pasienten, snakke med tilsette som kjenner pasienten, og med pasienten sjølv
- vere med på aktivisering med denne pasienten
- ha fokus på generell hygiene og ergonomi

Veke 4

Kompetansemål frå læreplan:

- planleggje og gjennomføre tiltak som fremjar trivsel og medverkar til auka livskvalitet
- utføre arbeidet på ein måte som vekker tillit, skaper truverde og positiv dialog med brukaren
- kommunisere med brukarar og pasientar med ulike kommunikasjonssevne
- planleggje, gjennomføre, dokumentere og vurdere eige arbeid og foreslå forbetringstiltak

Mål frå lokal læreplan:

- gjennomføre aktivitetar saman med brukarar som er med på å fremje trivsel, førebyggje isolasjon og gje auka livskvalitet
- dokumentere arbeidet undervegs
- sjå òg veke 3

Praksisoppgåver:

- delta i aktivitetar til pasienten som er vald
- vere med på å gjere i stand eit bebuarrom, påfylling av utstyr, støvtørk, vask og reie opp senga
- setje seg inn i ergonomiske prinsipp og retningslinjer
- dokumentere gjennomført arbeid

Veke 5

Kompetansemål frå læreplan:

- som frå veke 1 til 4

Mål frå lokal læreplan:

- gjennomføre aktivitetar saman med brukarar som er med på å fremje trivsel, førebyggje isolasjon og gje auka livskvalitet
- sjå òg veke 3 og 4

Praksisoppgåver:

- planleggje dagens aktivitetar
- kaffestund/kakebaking saman med pasientane
- hjelpe til under måltida
- ha fokus på hygiene og ergonomi
- dokumentere gjennomført arbeid

Veke 6

Kompetansemål frå læreplan:

- som frå veke 1 til 4

Mål frå lokal læreplan:

- opptre på ein måte som vekker tillit, og som tek vare på likeverd og tilhøyrse i samfunnet for den enkelte brukar/kunde
- sjå òg veke 3, 4 og 5

Praksisoppgåver:

- delta i aktivitetar og måltid saman med pasientane
- forslag til aktivitetar: songstund, trim med ballong, ut på tur, andre uteaktivitetar, baking, lesestund, handmassasje/nakkemassasje
- samarbeide med andre elevar på same praksisplass
- ha fokus på hygiene og ergonomi

Veke 7

Kompetansemål frå læreplan:

- som frå veke 1 til 4

Mål frå lokal læreplan:

- øve på ferdigheiter, på å vere nøyaktig og sjølvstendig, på samarbeid og kommunikasjon
- kunne ta hand om plikter og ansvar
- sjå òg veke 3, 4 og 5

Praksisoppgåver:

- vere med på å gjere i stand eit pasientrom, påfylling av utstyr, støvtørk, vask og å reie senger
- delta i aktivitetar og ved måltid
- forslag til aktiitetar: spele spel med ein eller fleire bebuarar, til dømes bingo, yatzy, ludo, ordtakskort, avislesing, fotoalbum
- ha fokus på hygiene og ergonomi

Veke 8

Kompetansemål frå læreplan:

- som frå veke 1 til 4

Mål frå lokal læreplan:

- få innsyn i variasjon og breidda i arbeidslivet
- øve på ferdigheiter, på å vere nøyaktig og sjølvstendig, på samarbeid og kommunikasjon

Praksisoppgåver:

- som frå veke 3 til 8

Veke 9, 10, 11 og 12

Kompetansemål frå læreplan:

- som frå veke 1 til 4

Mål frå lokal læreplan:

- følgje kompetansemåla frå vekene tidlegare
- utarbeide ein skriftleg sluttrapport med eigenvurdering

Praksisoppgåver:

- som frå veke 3 til 8

